



# Statusrapport:

Kortsiktige innsparing i Helse og omsorg  
Kvalitet og kapasitet - Delprosjekt 1  
Juni 2026

# Innhald

1. Bakgrunn
2. Teoretisk handlingsrom KOSTRA
3. Effektiviseringstiltak og tiltak som dempar meirforbruk
4. Innsparingstiltak
  - 4.1 Allereie innførte tiltak med budsjettendring
  - 4.2 Iverksette tiltak utan budsjettendring
  - 4.3 Tiltak som krevjar ytterlegare utgreiing

# Oppsummering:

## Mål og status med arbeidet med innsparingar i helse og omsorg

Innsparing i helse og omsorg	Omsorg	Helse og sosial	Total
<b>Totalt innsparingskrav 2026 og 2027</b>	<b>37 957</b>	<b>23 270</b>	<b>61 227</b>
Tiltak tatt inn i budsjett 2026 (Kap. 4.1)	13 628	5 628	19 256
Tiltak som er iverksett med ikkje budsjettet (Kap. 4.2)	800	313	1 113
<b>Gjenståande innsparing 2026 og 2027</b>	<b>23 529</b>	<b>17 329</b>	<b>40 858</b>
Tiltak som krev ytterlegare utgreiing (Kap. 4.3)	17 722	8 070	25 792
<b>Gjenståande innsparing dersom alle tiltak blir iverksett</b>	<b>5 807</b>	<b>9 259</b>	<b>15 066</b>

### Oppsummering av arbeidet med innsparing i sektorane:

Denne rapporten gir ein oversikt over arbeidet med innsparing i helse og omsorg. Om lag éin tredel av det samla innsparingskravet er realisert gjennom vedtekne tiltak, og det er identifisert ytterlegare tiltak tilsvarende i overkant av éin tredel av målet. Kommunen har teke viktige steg gjennom både kortsiktige tiltak og pågåande arbeid med struktur, tenestetilbod og organisering. Samstundes viser gjennomgangen at desse tiltaka åleine ikkje er tilstrekkelege for å nå det samla innsparingskravet.

Den resterande delen av innsparingsbehovet må i hovudsak hentast gjennom dei strukturelle grepa som no er under vidare utgreiing og konkretisering. Dette omfattar endringar i organisering, tenestestruktur og tildelingspraksis. Enkelte strukturtiltak, til dømes innan kjøkkentenesta og aktivitetseininga, vil kunne realiserast innan 2027 og vil såleis vere ei kortsiktig innsparing. Strukturtiltak knytt til sjølve tenesteproduksjonen innan omsorgstenestene vil krevje at ein brukar noko lengre tid på å realisere innsparingane.

# Bakgrunn

Kva innsparingsmål har sektoren og samanheng opp mot delprosjekta i Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg

# Bakgrunn og oppbygging av rapporten

Administrasjonen har tidlegare meldt at ein skulle gje ein status på arbeidet med innsparing i helse og omsorg i juni. Denne rapporten gjev denne statusen.

Arbeidet med å samanstille rapporten har vore gjort som eit samarbeid med prosjektleiar for kvalitet og kapasitet, økonomirådgivar, kommunalsjefane for helse og sosial og omsorg og Tell.

## Oppbygging av rapporten

### Kapittel 2 – Teoretisk handlingsrom

Vi har tatt med ein tabell som viser teoretisk handlingsrom innan funksjonane.

### Kapittel 3 – effektivisering og tiltak som ikkje gir innsparing i budsjett

Det har i arbeidet med innsparingstiltak kome opp fleire tiltak som ikkje vil gi resultere i innsparing i form av budsjettreduksjonar. Disse tiltaka omfattar effektiviseringstiltak som er viktig for å realisere nedbemanning i sektorane, samt innsparingstiltak som vil redusere og dempe meirforbruk på kort og lang sikt.

### Kapittel 4 – Innsparingstiltak

Innsparingstiltaka som vert presentert er sortert inn i 3 kategoriar:

1. Tiltak som er iverksett og tatt inn i budsjett
2. Tiltak som er iverksett, men ikkje tatt inn i budsjett
3. Tiltak som krev ytterlegare utgreiing

Kapittelet er delt inn i eit underkapittel for kvar kategori. Kwart kapittel gir ein samleoversikt og ein kort skildring av tiltaka.

### Kapittel 5 – Veggen vidare

Kapittel 5 gir ein skildring av korleis sektorane planlegge å ta ned det resterande innsparingsmålet.

Omsorg					
Sande omsorgssenter	Naustdal omsorgssenter	Skei omsorgssenter	Førde omsorgssenter	Sande heimeteneste	Naustdal heimeteneste
Skei heimeteneste	Vassenden heimeteneste	Førde ht, eining 1	Førde ht, eining 2	Skei bu- og miljøteneste	Førde bm, eining 1
Førde bm, eining 2	Førde bm, eining 3	Sande bu- og miljøteneste	Naustdal bu- og miljøteneste	Tildelingseininga	Kjøkkentenesta
Bemanningsseininga					

Helse og sosial					
Fysio- og ergoterapitenesta	NAV	Legetenesta	Helsestasjonen	Barnevernstenesta	Aktivitetseininga
Psykisk helse og rus	Bu- og avlastningseininga				

# Rapporten omhandlar dei kortsiktige tiltaka

Nærare om kor tiltaka er utarbeidd:

Tiltaka som vert presenterte i rapporten er utarbeida gjennom delprosjekta innan «*Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg*», samt enkelte tiltak som kjem frå einingane og kommunalsjefar. Denne rapporten må derfor sjåast i samanheng med rapporten «*Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg - delrapport juni 26*».

Formålet med denne rapporten er å gje ein status for innsparing og plan for vidare arbeid i det kortsiktige bilede. Tiltaka som vert presentert i denne rapporten er berre tiltak som vil gje ein effekt på kort sikt. Dei langsiktige tiltaka vil bli rapportert på, og arbeidd vidare med i delprosjekt innan kvalitet og kapasitet. Nokre tiltak vil ein kunne sjå igjen i begge rapportane.

Prosjekt organisert under **Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg**

**Kortsiktige tiltak**

1. Berekraftige helse, sosial og omsorgstenester

**Langsiktige tiltak**

2. Kapasitet og tenestestruktur

3. Tildeling og rett nivå på helse og omsorgstenester

4. Digitalisering og innovasjon i helse og omsorgstenestene

5. Bemanning og kompetanse i helse og omsorgstenestene

6. Pårørende og frivillige som ressurs i tenestene

Teoretisk handlingsrom KOSTRA

2

# Teoretisk handlingsrom for Sunnfjord kommune

Føremål	Teoretisk handlingsrom i mill. 2024	Teoretisk handlingsrom i mill. 2025	Endring
Grunnskole	37,0	21,8	- 15,2
Pleie og omsorg	44,2	22,8	- 21,4
Barnevern	- 2,1	7,5	9,6
Barnehage	34,2	26,6	- 7,6
Kommunehelse	9,9	3,1	-6,8
Sosiale tjenester	- 8,9	- 21,0	- 12,1
Kultur og idrett	11,6	6,5	- 5,1
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,2	1,0	- 0,2
Adm, styring og fellesutgifter ***	5,7	-2,6	- 8,3
Brann og ulykkesvern	1,7	- 1,1	- 2,8
Kommunale boliger	- 1,1	- 5,3	- 4,2
Samferdsel	24,9	26,6	1,7
Næringsforv. og konsesjonskraft	4,6	3,9	- 0,7
Kirke	3,9	4,0	0,1
<b>Sum teoretisk handlingsrom alle føremål</b>	<b>166,8</b>	<b>93,8</b>	<b>-73</b>
Sum teoretisk handlingsrom føremål med positivt handlingsrom**	178,9	123,8	-55,1

\* Teoretisk handlingsrom er definert som differansen mellom Sunnfjord kommunes kostnader samanlikna med gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 9

\*\* For «teoretisk handlingsrom føremål med positivt handlingsrom» er alle føremål som driv meir økonomisk effektivt enn snittet av kommunar i KOSTRA-gruppa er helde utanfor.

\*\*\* Korrigerert for eingongskostnad branntomt Sande i 2025. Frå 3,9 mill til -2,6 mill.

# Teoretisk handlingsrom for helse og omsorg

Føremål	Teoretisk handlingsrom i mill. 2024	Teoretisk handlingsrom i mill. 2025	Endring
<b>Pleie og omsorg</b>	<b>44.2</b>	<b>22.8</b>	<b>-21,4</b>
- 234 Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelse mv.	7.5	5.6	-1,9
- 253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon	-22.8	-24.5	-1,7
- 256 Øyeblikkelig hjelp døgntilbud	6,0	4,9	-1,1
- 257 Hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløst lokaliserte omsorgsboliger	82.5	59.2	-23,3
- 258 Hjemmetjenester - ambulerende virksomhet med mer	-42.1	-34.6	7,5
- 261 Institusjonslokaler	13,0	12,2	-0,8
<b>Barnevern</b>	<b>-2.1</b>	<b>7.5</b>	<b>9,6</b>
- 244 Barneverntjeneste	-1.9	7.3	9,2
- 251 Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	3,0	5,6	2,6
- 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	-3.3	-5.4	-2,1
<b>Kommunehelse</b>	<b>9.9</b>	<b>3.1</b>	<b>-6,8</b>
- 232 Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	-1.4	-1.3	0,1
- 233 Annet forebyggende helsearbeid	10.5	9.7	-0,8
- 241 Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	0.9	-5.1	-6,0
<b>Sosiale tjenester</b>	<b>-8.9</b>	<b>-21,0</b>	<b>-12,1</b>
- 242 Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	-5.8	-10.2	-4,4
- 243 Tilbud til personer med rusproblemer	-0.5	-0.9	-0,4
- 273 Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	0.6	-1.1	-1,7
- 276 Kvalifiseringsordningen	-1.5	-2,0	-0,5
- 281 Ytelse til livsopphold	-1.7	-6.8	-5,1
<b>Sum teoretisk handlingsrom alle føremål</b>	<b>43,1</b>	<b>12,4</b>	<b>-30,7</b>
<b>Sum teoretisk handlingsrom føremål med positivt handlingsrom**</b>	<b>54,1</b>	<b>33,4</b>	<b>-20,7</b>

\* Teoretisk handlingsrom er definert som differansen mellom Sunnfjord kommunes kostnader samanlikna med gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 9

\*\* For «teoretisk handlingsrom føremål med positivt handlingsrom» er alle føremål som driv meir økonomisk effektivt enn snittet av kommunar i KOSTRA-gruppa er helde utanfor. Berekningane er gjort på føremålsnivå (grøne rader), ikkje funksjon (kvite rader).

# Teoretisk handlingsrom for helse og omsorg

## Innsparingskrav:

Tabellen under viser teoretisk handlingsrom for sektorane, der alle føremål som driv meir økonomisk effektivt enn snittet av kommunar i KOSTRA-gruppa er holdt utanfor. Viss alle sektorane når innsparingskrava for 2026 og 2027, så vil kommunen som heilheit drive 3% eller meir effektivt enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppa.

Helse og sosial og omsorg har begge eit innsparingsmål som ligg på 3% under gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 9. Sidan dette er det i tråd med det overordna innsparingsmålet for kommunen vel kommunedirektøren å oppretthalde dette innsparingsmålet.

Innsparing og saldering	Teoretisk handlingsrom føremål med positivt handlingsrom 2025	Innsparing og saldering 2026 og 2027	Teoretisk handlingsrom etter innsparing og saldering 2026 og 2027	Budsjett 2026	Teoretisk handlingsrom etter innsparing og saldering i % av budsjett
Administrasjon inkl. kyrkja, næring/konsesjon	7,9 (5,3)*	25,4	- 17,5 (-20,1)*	186	-9 % (-11%)*
Barnehage	26,6	35,7	- 9,1	320	-3 %
Skule	21,8	36,1	- 14,3	552	-3 %
<b>Helse og sosial</b>	<b>10,6 (-10,4)*</b>	<b>23,3</b>	<b>- 12,7 (-33,7)*</b>	<b>441</b>	<b>-3 % (-8%)*</b>
<b>Omsorg</b>	<b>22,8</b>	<b>38,0</b>	<b>- 15,2</b>	<b>586</b>	<b>-3 %</b>
Kultur og idrett	6,5	4,7	1,8	77	2 %
Teknisk og miljø	27,6 (21,1)*	33,7	- 6,1 (-12,5)*	240	-3 % (-5%)*
<b>SUM</b>	<b>123,8 (93,8)*</b>	<b>210,9</b>	<b>- 73,1 (-103)*</b>	<b>2402</b>	<b>-3 % (-4%)*</b>

\* Tala i parentes viser teoretisk handlingsrom inkl. alle føremål. Dette gjelder dei sektorane som har enkelte føremål som driver meir effektivt enn KOSTRA-gruppa.

Effektivisering av prosessar som gjer nedbemanning mogleg, og tiltak som dempar overskriding på budsjett

# Tiltak som ikkje gir ei direkte innsparing, men som er nødvendig for å realisere andre innsparingstiltak er kategorisert som effektiviseringstiltak

## Effektivisering av prosessar:

I arbeidet med innsparingar har det kome opp ei rekke med forslag for å gjere arbeidsprosessane i kommunen meir effektive. Mange av disse vil ikkje gje ei direkte innsparing på budsjettet, men effektivisering av drifta er naudsynt for å klare å gjennomføre innsparing og nedbemanning i sektorane.

## Døme på forslag til effektivisering er:

1. Endre oppmøtestad frå Vassenden helsestasjon til Førde  
Brukarane på Vassenden, barn 0-5 år med føresette, har i dag oppmøtestad på Helsestasjon (HS) ved gamle Vassenden omsorgssenter. Tiltaket forslår å legge ned denne HS-lokasjonen, slik at ein får oppmøtestad i Førde i staden, og at helsesjukepleiar får arbeidsplass på Rådhuset.
2. Endre utlevering av multidose  
Alle som kan hente multidose på apotek, skal ha avtale direkte mellom apotek og fastlege, ikkje via heimetenestene.
3. Sentralisering av turnusarbeid (KI-turnusplanleggar)  
Desentralisert turnusarbeid i dag - alle einingar. Tiltaket er ei pilotering av sentralisering av KI-turnusplanleggar i utvalde einingar før eventuell utrulling.
4. Utnytte vikarmodul og vaktbok i RS fullt ut  
Vaktbok i RS er eit digitalt verktøy for drift, kommunikasjon og koordinering i tenestene. Eit felles kommunikasjonsverktøy mellom vakter, tilsette og leiar. Det er i dag ulik praksis for korleis ledige vakter blir handtert. Fagsystemet (RS) blir ikkje nytta systematisk nok. Tiltaket skal etablere RS som felles og obligatorisk system for all vikarhandtering.
5. Prosesskartlegging i tildelingseininga og endra tenestestandard heimetenester  
Ein har sett på arbeidsflyt for tildeling av tenester innan helse og omsorg - frå søknad kjem inn til ein får tildelt tenester, med særleg fokus på Bu- og avlastningstenesta for barn og unge i første omgang. Kartlegging er gjennomført, men ein del etterarbeid står att. Tiltaket er tenkt gjennomført på bu- og miljøtenestene, heimetenestene og så institusjonstenestene. Potensiale er stort, då tildelingseininga er "porten inn" og styrande for tenestenivået i heile kommunen.
6. Nytt eksisterande og nytt EPJ-system fullt ut  
EPJ-system er kommunen sitt hovudverktøy for journaldokumentasjon og pasientinformasjon. Dagens system blir brukt ulikt og ofte mangelfullt i store delar av organisasjonen. Kommunen har bestemt å innføre nytt EPJ-system. Prosessen er starta og ein ser på ulike leverandørar/løysingar. Samtidig bør ein ta i bruk alle funksjonar i dagens EPJ-system (full innføring), då dette sikrar:
  - Betre kvalitet og tryggleik i dagens drift
  - Ryddig og kontrollert overgang til nytt EPJ
  - Høgare gevinstrealisering av investeringa i nytt EPJ
  - Redusert risiko for feil og meirarbeid

# Tiltak som dempar meirkostnadar, men som ikkje vil redusere budsjetta

Budsjetta i helse og sosial og omsorg har over tid vore under press, med eit kostnadsnivå som i fleire år har lege over vedtekne budsjett. Tiltaka som presenterast på denne sida er identifiserte tiltak som i hovudsak tek sikte på å bringe drift i betre balanse og unngå meirforbruk på kort og lang sikt.

Det inneber at ein ikkje kan legge til grunn at tiltaka gir rom for å ta ned budsjettet. Føremålet å redusere avvik mellom faktisk forbruk og budsjett, slik at ein i større grad evnar å halde vedtekne økonomiske ramar både på kort og lang sikt.

Del-prosjekt	#	Tiltak	Status	Type tiltak	Økonomisk effekt	Tidshorisont
2	1	Meir fleksibel bruk av KAD-senger (O)	Iverksett	Innsparing	250	01.06.2026
2	2	Demensteam - Digital heimeoppfølging av pårørande til personar med demenssjukdom (O)	Iverksett	Effektivisering	212	01.08.2026
2	3	Anna bruk av omsorgsbustader (O)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	-	01.01.2027
2	4	Aktivitetseininga – redusert lokasjon vassenden (HS)	Iverksett	Innsparing	107	01.04.2026
3	5	Ny innkjøpsavtale legemiddel (O)	Iverksett	Innsparing	-	01.03.2026
2	6	Gjennomgang BPA-tiltak (HS)	Iverksett	Innsparing	0	01.01.2027

\*(O) = Omsorg, (HS) = Helse og sosial

# Tiltak som dempar meirkostnader, men som ikkje vil redusere budsjetta

## 1. Meir fleksibel bruk av KAD-senger, innsparing kr 250.000:

Nytte ledig kapasitet ved KAD-plassane, som kommunen alt betaler for, til utskrivingsklare pasientar som kommunen ikkje klarer å ta imot. Gjer at ein unngår dagbøter frå HF.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 2. Demensteam - Digital heimeoppfølging av pårørende til personar med demenssjukdom, effektivisering.

Pårørende har krav på oppfølging frå demensteam x 2 per år. Det er i dag ressurskrevjande å følgje dette opp i praksis. Tiltaket går ut på å ta i bruk digitalt spørjeskjema via NORSE, slik at ein reduserer tidsbruk knytt til gjennomføring av slike møter. Tiltaket er ikkje venta å gi innsparing, men er viktig mtp. veksten i pasientgruppa i åra framover kan handterast utan å auke ressursbruken.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 3. Anna bruk av omsorgsbustader, effektivisering.

Langebruvegen 34 (4. etg v/Førde omsorgssenter), 11 bustader: Vurdert nytta som institusjonsplassar.

Kyrkjevegen 17, 5 bustader: Vurdert nytta til brukarar med særleg krevjande omsorgsbehov, for å få effektiv drift og bemanning, særleg på natt.

### Status for tiltaket:

Vi er i gang med planlegging av innflytting. For tidleg å estimere noko sum før vi veit kva brukarar som kan flytte inn der. Illustrasjon på effekten av tiltaket: Ved å flytte to brukarar frå BUM til ny lokasjon, vil eininga unngå ei oppbemanning på 5,7 årsverk.

## 4. Redusert lokasjon aktivitetseininga på Vassenden, innsparing kr. 107.000

Tal deltakarar ved dagtilboda for eldre i Jølster har vore lavt over lengre tid, og det forventast ikkje at tilfanget skal auke på kort sikt. Tiltaket samlar dagtilboda for eldre på Vassenden til Skei. Ved å samle dagtilboda kan ein nytte eksisterande ressursar på tvers av lokasjonar, der det har vore auka behov, utan å tilføre nye ressursar.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 5. Ny innkjøpsavtale legemiddel

Rammeavtalen gjekk ut i 2025 og medførte høge kostnader i einingane. Tiltaket gir ingen innsparingar, men tar ned meirforbruket frå tidlegare, til eit "normalnivå".

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 6. Gjennomgang BPA tiltak

Sidan 2023 har talet på BPA-tiltak (Brukarstyrt Personleg Assistanse) gått opp i kommunen. Det er rettighetsbaserte tenester, men tiltaka er ofte kostbare og ofte løyst gjennom kjøp frå private. Ein gjennomgang av tiltak, og bevisstgjøring rundt utviklinga har difor vore naudsynt.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett. Ein har vurdert alle tiltak opp mot alternative tenester, og standardisert kriteria for tildeling av BPA-tiltak frametter.

Innsparingstiltak

4

Innsparingstiltak som er iverksett og tatt inn i budsjett 2026

4.1

# Tiltak

Del-prosjekt	#	Tiltak	Status	Type tiltak	Økonomisk effekt	Tidshorisont
2	1	Auka brukarbetaling Fysio- og ergoterapitenesta (HS)	Iverksett	Innsparing	300	01.01.2026
2	2	NAV – redusert tiltaksplasser, øk. sos.hjelp (HS)	Iverksett	Innsparing	1 500	01.01.2026
3	3	Redusert 357,5 % stilling i Helse og sosial (Helsest., Aktivitetseininga og PHR) (HS)	Iverksett	Innsparing	3 828	01.01.2026
3	4	Ta ned bilparken Naustdal HT (O)	Iverksett	Innsparing	100	01.01.2026
2	5	Nedbemanning omsorg 6 % / 30 årsverk – gjennomført per 30. april: Redusert 18,7 årsverk (O)	Iverksett	Innsparing	13 528	01.02.2026
		<b>SUM</b>			<b>19 256</b>	

\*(O) = Omsorg, (HS) = Helse og sosial

# Nærare informasjon om tiltaka

## 1. Auka brukarbetaling Fysio- og ergoterapitenesta, innsparing kr. 300.000

Auka inntening gjennom HELFO-refusjonar. Budsjetterte inntekter har vore for lågt budsjettert over tid. Dette er no justert i ramma.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 2. NAV – redusert tiltaksplasser, øk. sos.hjelp , innsparing kr. 1.500.000

NAV sitt budsjett vart styrka i 2026 i forhold til sosialhjelpsutbetalingar og invandring. Dagens nivå og forventa utvikling ligg noko under det som er lagt til grunn i budsjettet, og ein har tatt ned budsjetttramma på tiltaksplassar og øk. Sos.hjelp.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 3. Redusert 357,5 % stilling i Helse og sosial (Helsest., Aktivitetseininga og PHR), innsparing kr 3.828.000:

Ein har tatt ut vakant stilling (0,5 årsv.) i Helsestasjonen. Ein har redusert eit årsverk i avd. Friskliv og frivilligheit i Aktivitetseininga, ei av stillingane som arbeida med førebyggjande heimebesøk. Ein har redusert 2,10 årsverk ved å slå i saman einingane PHR og Butiltak psykisk helse til ei eining frå januar 2026.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 4. Ta ned bilparken Naustdal heimeteneste, innsparing kr. 100.000

Heimetenesta i Naustdal har redusert bilparken med ein bil.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 5. Nedbemanning omsorg 6 % - 30 årsverk, innsparing kr. 13.528.000:

Så langt er det redusert 18,7 av 30 årsverk i sektoren sidan januar. Alle einingar jobbar med å ta ned bemanning med 6 %. Tiltaket må løysast i samband med turnus. Einingane legg turnus på ulike tidspunkt gjennom året. Det er forklaringa på kvifor deler av nedbemanninga står att.

### Status for tiltaket

Tiltaket er delvis gjennomført. Per 30. april er det redusert 18,7 årsverk

Innsparingstiltak som er iverksett,  
men som ikkje er tatt inn i budsjett

4.2

# Tiltak som er iverksett, men ikkje tatt inn i budsjett

Del-prosjekt	#	Tiltak	Status	Type tiltak	Økonomisk effekt	Tidshorisont
3	1	Feriestenge rehabiliteringsavdelinga ved Skei omsorgssenter (O)	Iverksett	Innsparing	210	01.09.2026
3	2	Innføre betaling for bruk av kommunale bil til brukarar (O)	Iverksett	Innsparing	50	-
2	3	Legemiddelgjennomgang på instiusjon (O)	Iverksett	Innsparing	200	01.06.2026
2	4	Redusere bu- og avlastning i to veker om sommaren (HS)	Iverksett	Innsparing	313	01.07.2026
3	5	Vedtaksføre faktisk utførte timar heimehjelp (O)	Iverksett	Innsparing	100	01.07.2026
4	6	TV-abonnement på omsorgssentera (O)	Iverksett	Innsparing	240	01.01.2027
		<b>SUM</b>			<b>1 113</b>	

\*(O) = Omsorg, (HS) = Helse og sosial

# Nærare informasjon om tiltaka

## 1. Feriestenge rehabiliteringsavdelinga ved Skei omsorgssenter, innsparing kr. 210.000

Rehabiliteringsavdelinga vert stengt i veke 32 og 33. Eininga sparer 4 vakter per dag, totalt 420 timar i perioden.

### Status for tiltaket

Tiltaket er klart til iverksetting

## 2. Innføre betaling for bruk av kommunale bil til brukarar, innsparing kr. 50.000

Felles rutinar for å ta betaling for turar som blir gjort for dei ulike brukarane. Det har vore ulikt mellom einingane tidlegare, som no blir samkøyrd.

### Status for tiltaket

Tiltaket er iverksett

## 3. Legemiddelgjennomgang på institusjon, innsparing kr 200.000:

Overforbruk av medisin hos eldre på institusjon, er ei stor utfordring i norsk helsevesen. Medisinlister vert ikkje alltid vurdert samla og medisinar som var nødvendige før, kan bli ståande for lenge. Tiltaket skal sikre faste rutinar for legemiddelgjennomgang ved innkomst og fast gjennomgang av tilsynslege 1-2 gonger per år.

### Status for tiltaket

Tiltaket er klart til iverksetting

## 4. Redusere bu- og avlastning i to veker om sommaren, innsparing kr. 313.000:

Tiltaket går ut på redusere bemanninga ved barneavlastninga to veker i sommar. Eininga blir ikkje stengt, men kun ope for dei som har strengt behov for avlastning på dagtid som alternativ når det er SFO-stengt. Ved å gjennomføre tiltaket kan eininga ta ned bemanninga i perioden.

### Status for tiltaket

Tiltaket er klart til iverksetting

## 5. Vedtaksføre faktisk utførte timar heimehjelp, innsparing kr. 100.000:

Brukarar har vedtak på heimehjelp, men der det vert utført større omfang enn det er vedtak til. Tiltaket vil auke vedtak (tal timar), som medfører auka brukarbetaling.

### Status for tiltaket

Tiltaket er klart for iverksetting

## 6. TV-abonnement på omsorgssentera, innsparing kr. 240.000

Gjennomgang, standardisering og oppseiing av ulike TV-abonnementsordningar ved omsorgssentera vil gje lågare lisenskostnadar og harmonisere tenestetilbodet mellom einingane.

### Status for tiltaket

Tiltaket er klart for iverksetting

Innsparingstiltak som krevjar  
ytterlegare utgreiing

4.3

# Tiltak som må utgreiast ytterlegare

Del-prosjekt	#	Tiltak	Status	Type tiltak	Økonomisk effekt	Tidshorisont
	1	Nedbemanning omsorg 6 % / 30 årsverk – <b>står att:</b> 11,3 årsverk (O)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	10 472	01.06.2026
2	2	Organisering ved Skei omsorgssenter - Bufellesskap vs. Institusjonsplassar. (O)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	1 000	
	3	Organisering av kjøkkentenesta og matombringing i Sunnfjord (O)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	5 000	01.06.2027
	4	Nattevakter i Førde sentrum (O + HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	1 520	01.01.2027
4	5	Reduksjon av opplæringsplattformer (O + HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	500	
3	6	Organisering og drift av legetenesta (HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	1 000	
	7	Prioritet av aktivitet og dagtilbod i kommunen – Kva er rett nivå? (HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	-	-
	8	Innsparingskrav til einingane i Helse og sosial (HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	6 300	01.09.2026
	9	Omorganisering i helse og omsorg (O + HS)	Må utgreiast ytterlegare	Innsparing	-	01.01.2027
		<b>SUM</b>			<b>25 792</b>	

\*(O) = Omsorg, (HS) = Helse og sosial

# Skildring og konsekvensar av tiltak som må utgreiast ytterlegare

## 1. Nedbemanning omsorg 6 % / 30 årsverk – står att: 11,3 årsverk , innsparing kr 10.472.000:

Alle einingar i sektoren er bedt om å ta ned bemanninga med 6 % - til saman 30 årsverk - ut i frå årsverk i budsjett 2026. Så langt er det redusert 18,7 av 30 årsverk i sektoren sidan januar. Alle einingar jobbar med å ta ned bemanning med 6 %. Tiltaket må løysast i samband med turnus. Einingane legg turnus på ulike tidspunkt gjennom året. Det er del av forklaringa på kvifor deler av nedbemanninga står att.

### Status for tiltaket:

Kravet er delvis gjennomført. Reduksjonen som står att er 11,3 årsverk. Kravet skal vere innfridd ila året og seinast frå 01.01.2027.

## 2. Organisering ved Skei omsorgssenter - Bufellesskap vs. Institusjonsplassar, innsparing kr. 1.000.000:

Skei omss. er bygd-, og driftar i dag 25 sengeplassar som ein institusjon, men plassane er definert som omsorgsbustad i bufellesskap. Ein har vurdert faglege og økonomiske konsekvensar av å omklassifisere frå bufellesskap (i dag) til institusjonsplassar. Tiltaket gir innsparing i form av auka inntekter (vederlagsberekning).

### Status for tiltaket

Administrasjonen ønsker ikkje å ta ei avgjerd før strukturdiskusjonen i kommunen er bestemt.

## 3. Organisering av kjøkkentenesta og matombringning i Sunnfjord, innsparing kr. 5.000.000

Kommunen har i dag 4 produksjonskjøkken. Eitt ved kvart omsorgssenter. Produksjonen er etter kok-server metoden. Kjøkkena leverer fullkost til bebuarane i institusjon og det vert køyrt ut middagar til heimebuande. Mykje av utstyret er gammalt og fleire av kjøkkena treng utbetring. Ekstern konsulent har vurdert alternativ organisering. Konsulenten skal no i gang med ei konkret utgreiing av kva innsparing tiltaket vil kunne gje. Førebels estimat på innsparing er usikkert.

### Status for tiltaket

Sluttrapport med tilråding av ny, effektiv og berekraftig organisering er mottatt. Målet er gjennomføring av tiltaket i løpet av 2027. Føresetnadar for gjennomføring innan 2027 er at det gjerast politisk beslutning i løpet av hausten 2026, og at investeringsmidlar er på plass.

## 4. Nattevakter i Førde sentrum

Det er i dag 16 personar på nattevakt innan ein radius på 300 m i Førde sentrum. Det er et mål om å redusere med ein 1 nattevakt (1,9 årsv.) gjennom samhandling på tvers og velferdsteknologi.

### Status for tiltaket:

Einingsleiarane er utfordra på nytt, og har fått beskjed om å ta ned – til saman – ein nattevaksressurs.

# Skildring og konsekvensar av tiltak som må utgreiast ytterlegare

## 5. Reduksjon opplæringsplattformer, innsparing kr. 500.000

Kommunen betaler for ulike plattformer som dekkjer mykje av det same opplæringsbehovet. Ulikt i kva grad einingane nyttar seg av systema. Ein bør sjå på å redusere tal plattformer for opplæring, både innan helse og omsorg, men også på tvers av kommunen. Usikkerhet knytt til estimat

### Status for tiltaket:

Blir utgreidd i samband med delprosjekt 5 i kvalitet og kapasitet.

## 5. Organisering og drift av legetenesta, innsparing kr. 1.000.000

Hausten 2026 vil gjennomføre ein heiskapeleg utgreiing av legetenesta. Føremålet er å vurdere dagens struktur, organisering, oppgåver og tenester for å gjere eininga meir framtidsretta og effektiv. Ekstern aktør vil bli nytta for å fasilitere og leie utgreiinga.

### Status for tiltaket

Arbeidet startar haust 2026

## 6. Prioritet av aktivitet og dagtilbod i kommunen – Kva er rett nivå?

Sunnfjord kommune prioriterer aktivitet og dagtilbod høgt samanlikna med andre kommunar. Dette har vore ein bevisst strategi over fleire år. I arbeidet med kvalitet og kapasitet bør ein vurdere kva som er «rett nivå» på tenestene framover.

### Status for tiltaket

Arbeidet er ikkje starta.

## 7. Innsparingskrav til einingane i Helse og sosial, 6.300.000

Kommunalsjef har utfordra einingane med konkrete innsparingskrav på bakgrunn av ei skissert forventning og retning framover. Einingane skal jobbe med krava fram mot sommaren og implementering frå hausten av.

### Status for tiltaket

Einingsleiarane utgreier tiltak for innsparingskravet.

## 8. Omorganisering i Sunnfjord kommune

Forslaget inneber reduksjon frå seks til tre kommunalsjefar, etablering av eit seksjonsleiar nivå, og større, meir robuste avdelingar. Modellen kombinerer strategisk toppleiiing med nærleiiing gjennom avdelingsleiarar.

Innsparingar ligg primært på administrativt nivå gjennom reduksjon i tal kommunalsjefar og meir målretta bruk av leiarressursar i tenestene. Innsparingane i tiltaket har ein direkte samanheng knytt til nedbemanning, ytterlegare innsparingar er vanskeleg å talfeste før ein har utgreidd omorganisering ytterlegare.

### Status for tiltaket:

Ny organisering skal være gjeldande frå 01.01.27

Vegen vidare

5

# Vegen vidare

## Korleis skal vi nå innsparingsmålet som er sett?

Det er gjennomført eit omfattande arbeid i sektorane og einingane for å identifisere og realisere kortsiktige innsparingstiltak i helse og omsorg.

Av det totale innsparingsmålet for 2026 og 2027 på 61 millionar, har ein i denne rapporten lagt fram tiltak tilsvarande 46,1 millionar kr. Ein er såleis eit godt stykke på ved med arbeidet med innsparingsmålet. Samstundes viser gjennomgangen at desse tiltaka åleine ikkje er tilstrekkelege for å nå det samla innsparingskravet. Resten av innsparingsmålet må kome gjennom strukturtiltak, tiltak knytt til tenestetilbod og tildelingspraksis.

Strukturelle tiltak har ofte ein lengre tidshorisont før økonomiske gevinstar blir realiserte. Enkelte strukturelle tiltak, til dømes i aktivitetseininga, vil kunne realiserast på relativt kort sikt. Dette gjeld særleg betre utnytting av kapasitet, samordning av tenester og kostnadar knytt til bygg og husleige, men det er på noverande tidspunkt for tidleg å talfeste den konkrete økonomiske effekten av desse tiltaka. Det vil likevel vere nødvendig å fase inn delar av innsparingskravet over ein noko lengre tidshorisont enn 2027.

Arbeidet med struktur, tenestetilbod og tildeling er samla i «*Kvalitet og kapasitet*», kor det jobbast med overordna føringar for strukturelle val som skal takast i framtida for Sunnfjord kommune. Viser også til delrapportering juni 2026 for «*Kvalitet og kapasitet*».

Innanfor strukturfeltet er det identifisert fleire område som samla kan gi vesentlege økonomiske gevinstar. Dette omfattar mellom anna samling av tenestetilbod på færre lokasjonar, reduksjon i tal institusjonar og sentralisering av støttefunksjonar som kjøkkentenester. Ei meir konsentrert organisering legg til rette for betre ressursutnytting og reduserte driftskostnader, mellom anna gjennom færre bygg å

drifte og eit lågare behov for årsverk knytt til støttefunksjonar.

Omlagging frå institusjonsbaserte tenester til meir heimebaserte løysingar blir vurdert som eit sentralt strukturelt grep med potensial for kostnadsreduksjon over tid. Dette omfattar auka bruk av digital heimeoppfølging og etablering av meir spesialiserte og samordna fagmiljø innanfor heimebaserte tenester. Teamorganisering og utvikling av alternative buformer, som bufelleskap, kan bidra til betre samspel mellom kvalitet, kapasitet og kostnadseffektivitet. Samla inneber dette ei dreining mot meir fleksible og skalerbare tenester.

Tildelingsfunksjonen har òg ein sentral rolle i den langsiktige økonomiske utviklinga. Sjølv om eininga ikkje i seg sjølv genererer direkte innsparing, påverkar ho den samla ressursbruken gjennom prioritering av tenestenivå og styring av tenesteflyt. Ein håpar at arbeidet knytt til nye tenestestandardar og tildelingspraksis også vil kunne gje økonomisk uttelling.

Innsparing i helse og omsorg	Omsorg	Helse og sosial	Total
<b>Totalt innsparingskrav 2026 og 2027</b>	<b>37 957</b>	<b>23 270</b>	<b>61 227</b>
Tiltak tatt inn i budsjett 2026	13 628	5 628	19 256
Tiltak som er iverksett med ikkje budsjettert	800	313	1 113
<b>Gjenståande innsparing 2026 og 2027</b>	<b>23 529</b>	<b>17 329</b>	<b>40 858</b>
Tiltak som krev ytterlegare utgreiing	17 722	8 070	25 792
<b>Gjenståande innsparing dersom alle tiltak iverksettast</b>	<b>5 807</b>	<b>9 259</b>	<b>15 066</b>